

Søknad om fråvik TEK10 jf. Pbl §31-2 tiltak på eksisterande bygg gbnr 188/14.

Det skal byggjast større tilbygg til eksisterande bygg. Tiltaket er jf. førehandskonferansen definert som hovudombygging og TEK10 vert då også gjeldande for eksisterande bygg.

Ved hovudombygging vert pbl §31-2 *tiltak på eksisterande bygg*, gjeldande. Første ledd seier i hovudsak at tiltak skal prosjekterast og utførast i samsvar gjeldande føresegrer, i praksis krav i TEK10.

Då eksisterande bygg er forholdsvis nytt (byggeår 2003/04), og er bygd etter reglane i TEK97 finn vi det rett å søkje om fråvik jf. Pbl §31-2 for oppgradering jf. TEK10 for dette.

Vi viser til 4 ledd der det er lagt inn lempingar:

Kommunen kan gi tillatelse til bruksendring og nødvendig ombygging og rehabilitering av eksisterende byggverk også når det ikke er mulig å tilpasse byggverket til tekniske krav uten uforholdsmessige kostnader, dersom bruksendringen eller ombyggingen er forsvarlig og nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk. Kommunen kan stille vilkår i tillatelsen.

Vi har gjennomgått bygget i høve TEK10, og finn desse avvika:

	Avvik § TEK	Avvik Tekst	Tiltak i høve avvik
1	§13-2 Ventilasjon	Krav om luftmengder	Vert retta
2	§14-1,2,3,5 Energi	Tilfredsstill ikkje dagens energikrav, Uverdi, tettheit m.v	Delvis retta/delvis søkt fråvik

1	§13-2 Ventilasjon	Krav om luftmengder	Vert retta
---	-------------------	---------------------	------------

Tilstand: Det er i dag lokalt avtrekk frå Bad (Baderomsvifte), elles luftskifte gjennom naturleg ventilasjon- ventilar i vindauge/vegg og utettheter, også lufting med vindauge etter behov.

Tiltak: Nytt bygg skal ha balansert ventilasjon. Eksisterande bygg vert omfatta av dette anlegget, og vil få luftmengder jf. TEK10.

Fråvik: Ingen

2	§14-1,2,3,5, Energi	Tilfredsstill ikkje dagens energikrav, Uverdi, tettheit m.v	Delvis retta/delvis søkt fråvik
---	---------------------	---	---------------------------------

Tilstand: Bygningen vart ført opp i 2003/04, isolasjonsmengdene er i vegg (15cm) , tak (20cm) og golv (30cm), vindauge Uverdi 1,6 w/m²K og er i samsvar med TEK97

Tiltak: 1. Etterisolering av himling/kaldt loft, etterisolere med 20 cm (totalt 40 cm). Når det seinare vert tid for naturleg skifte av kledning, taktekking eller anna større bygningsmessig vedlikehald, vil det vere naturleg å gjennomføre tiltak i høve etterisolering vegg, utsikting av vindauge m.v.

2. Det vert installere balansert ventilasjonsanlegg med varmegjennvinning i nytt bygg og som eksisterande bygg vert ein del av. Dette vil ikkje påvirke varmetapet i konstruksjonane, men ha ein gunstig effekt i høve energibruken.

Fråvik: Eksisterande bygg vil ikkje oppfylle krava fullt til energieffektivitet i TEK§14-2 jf. TEK§14-3 og §14-4, men med tilleggsisolering av kaldt loft og integrering av balansert ventilasjon med varmegjenvinnar, vil ein liggje over krava i høve TEK97

Grunngjeving: Dersom bygningen skal oppgarderast i høve dagens krav, lyt då mykje av bygningen sitt ytterskal rivast, og påforast. Vegg- listverk, kiste, kledning, leker, påforast, etterisolerast og byggast oppatt. Tiltaket vert for omfattande og kostbart i høve energigevinsten. Det vil og framstå som meiningslaust å rive ytterskalet av bygningen som er i god stand og berre er 12-13 år. Ei stipulert berekning tilseier total kostnader i storleik kr. 100-150.000,-

Vi viser elles til Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF) si nye eksempelsamling for eksisterande bygg, der det i mange av døma viser at oppfyljing av krav til varmeisolering vil gje uforholdsmessige høge kostnader i høve energigevinsten, men at balansert ventilasjon er eit tiltak som vil kunne forsvarast.

Konklusjon: Fråviket oppfyller Pbl §31-2 4.ledd og kan gjevast.

Samla vurdering

Eksisterande bygg er pr. i dag i god stand (bygd 2003/4 og godt vedlikehalde). Ved å installere balansert ventilasjonsanlegg, samt noko tilleggsisolering av kaldt loft, vil eksisterande bygg framstå som god og forsvarleg, både i høve bruk og energi/miljø.

Etter vår vurdering vil ei ytterlegare oppgradering no, t.d meir etterisolering, gje mindre effekt, og vil medføre ein forholdsmessig høg kostnad i høve den nytten ein får av tiltaka.

Tiltakshavar peikar på at det vil vere naturleg å oppgradere bygningen vidare når det er naturleg tid for utskifting av bygningsdelar (taktekking/kledning/golv).

Konklusjon

Totaløysinga vil etter dette framstå som hensiktsmessig og forsvarleg, og oppgraderingen av bygningen vil etter vårt syn ligge innanfor forsvarlege økonomiske rammes jf. §31-2 *uforholdsmessige kostnader*. Vi ber om at det vert gjeve fråvik for punkta over.

Kjell Reigstad

Ansvarleg prosjekterande

02.06.2015.